Lindås Vvs Nils Træland As
Litlås 3
5954 MONGSTAD

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: Ref.:8RVHSB-Skjemanr.:3934 | Linda Hammersvik Folkestad | 16.09.2022 |
| Vår: 22/6567 - 22/71183 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Mellombels svar på røyrleggjarmelding - gbnr 106/139 Fanebust

| | |
| --- | --- |
| **Tiltak:** | Tilknytning kommunalt vatn |
| **Byggjestad:** | Fonnebostvegen – Gbnr 106/139 |
| **Tiltakshavar:** | Knut Fanebust |
| **Ansvarleg søkjar:** | Lindås Vvs Nils Træland AS |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det vert **ikkje** gjeve løyve til utvendig vasspost i Alver kommune (jf. «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Adm. bestemmelsen» pkt. 2.4 ).

   Vi gjer merksam på at tilknytning av vatn vil medføre krav om godkjent av avløp.

2. Dersom ein ynskjer å legge inn vatn og avløp i bygg, skal det òg ligge føre tinglyst erklæring om felles solidarisk ansvar for del av leidningsnett som vert felles fram til tilknytingspunkt på kommunalt nett. Kommunen skal ha kopi av erklæringa før vi kan handsame søknad.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjonen vert sendt inn samla innan 01.10.2022. Dersom informasjon ikkje er sendt inn til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Knut Fanebust | Fonnebostvegen 99 | 5955 | Lindås |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Lindås Vvs Nils Træland As | Litlås 3 | 5954 | MONGSTAD |